

Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2008
Utgjeve av Os Mållag
24. årgang



Os jentekor

I dette nummeret kan du lese om:

Fjellvandring i Os s. 12



Mette Samdal s. 15



Det var vel Biggles
som vann
krigen? s. 18



Olav H.
med Åse B.
ut i den store
verda s. 22



Osingen 2008

Utgjeve av Os Mållag

Innhald

Til lesaren.....s.	2
Øya -ein blå kveld i mai.....s.	3
Bernt Kristiansen.....s.	4
Jentekoret ved Os Ungdomsskule ..s.	5-8
Katten på Hauge.....s.	9
Kjellfrid Angelskår.....s.	10-11
Fjellvandring i Os.....s.	12-14
Intervju med Mette Samdal.....s.	15-17
Det var vel Biggles som vann krigen?.....s.	18-21
Olav H. med Åse B. ut i den store verden.....s.	22-23
Husmortrim.....s.	24
Barnesider.....s.	25-27
Eit uhell.....s.	28-29
Heggen der heime.....s.	30
Øyane.....s.	36

Pris kr. 50,-

Til lesaren

Det stundar mot mørketid, og Os mållag er ute med nytt nummer av årsskriftet Oasingen. På denne tida kan det vera ekstra godt å vera innomhus med tekoppen, talgalysset og godt lesestoff!

Me vonar Oasingen vil vera den som freistar mest når du set av ei feststund til god lesing,- og me har mykje å by på.

Me hyllar den kjende og kjære nynorskdikteren Olav H. Hauge i samband med 100-års jubileumet hans, og vår lokale kunstnar Åse Berit Skeie Ulltang har late seg inspirera av den store lyrikaren gjennom biletekunsten sin.

"Eit dikt skal kjennast som nykløvd ved" sa Olav H. Hauge ein gong. Dikta til Kjellfrid Angelskår kan kjennast slik. Det er berre å gle seg! Norvald inviterer lesaren med ut i den vakre naturen når han vandrar i Os si villmark.

Musikk og song står sentralt i bladet i år, som ein stor og verdfull del av kulturlivet vårt. Glødande musikkentusiastar har vore pådrivarar for både musikkskule og korsong, og me møter dei att i tilbakeblikk frå arbeidet deira.

På Hauge hende det litt av kvart før i tida, og historien om katten på Hauge kan fascinera både ung og gammal!

Og det finnst meir lesestoff for born i alle aldrar! Anders Hauge får oss til å undrast på om det ikkje var sjølvaste Biggles som eigentleg vann krigen! Elles byr me på ei spanande novelle av Julie på Os gymnas, og fargerike barnesider frå barneskuleelevar på Strøno.

Målet vårt er å nå ut til alle generasjonar med dette bladet. Viktigare enn nokon gong er det å få med seg den oppveksande slekta til å lesa nynorsk, kjenna bygda si og vera stolt over den dialekta ein har. Me ønskjer lesaren gode stunder mellom permene!

Skriftnemnda



Moro med målsak

Øya –ein blå kveld i mai

Dei syng så vakkert om Syden, om strender med sand
og om palmar og sol på Hawaii
Men kva er no det mot vår heimlege strand!
Nei, gje meg øya ein blå kveld i mai.
For me har strender med knausar og sjø
Me har sol, me har regn, me har snø
Her er vinter og vår,
bølgjer klukkar og slår –
Ja, gje meg øya ein blå kveld i mai

Dei syng om framande fuglar som kvitrar i kor,
kledd i strålende fargar og stas
Men me gled oss ved grågåss som stemmer mot nord
og ein syngjande stare i mars
– Sjå, ein dompap mot glitrande sno,
eller måsen mot blånande sjø,
bøyra lerka som syng
over reiret i lyng
eller gauken ein blå kveld i mai

Der i sør er visst blomane større, dei syng,
fleire fargar og solkrydra duft.
Men me byter `kje blåklukke, kvitveis og lyng
mot den sydleg eksotiske luft.
Kjenn! Det angar vivendel og då,
og konvall mellom kløver og strå.
Gje meg blomande begg
og ein kvit bjørkelegg
Ja- gje meg øya ein blå kveld i mai!

Bernt Kristiansen



Ro i sjela. Fred i sinnet. Ja, slik var eg til sinns etter samvær og samtalar med Bernt Kristiansen.

Inntrykket mitt, sitert ovanfor, er sprunge ut av at han i alle våre samtalar gav meg ro og fred. Han hadde eit vesen som gav meg tillit til han og det arbeidet han gjorde.

I arbeidet med Osingen samarbeidde eg med Bernt `n i to periodar. Først i samband med oppstart av årsskriftet. Han var interessert i målsaka og var ikkje tung å be. Han leverte ei teikning som førsteside, eit landemerke som alle osingar kjenner, ruinane etter klosteret. Denne vart brukt i fleire år. Deretter ei teikning som også vart brukt eit par år, før skriftnemnda gjekk over til bilete, som hadde noko med innhaldet å gjera.

Den andre perioden varte berre eit par år for mitt vedkomande. Då tok han seg av heile årsskriftet etter at alle artiklar og anna stoff var levert. Alt la han inn på CD og skriftnemnda fekk ein kladd til gjennomsyn. Prosessen var i utgangspunktet hektisk, trudde eg. Men med Bernt `n si flegmatiske ro og si enorme arbeidsevne fall alle ting på plass utan at skriftnemnda merka noko.

Det har vore skrive fleire minneord om Bernt Kristiansen. Alle har vore positive, og dei rosande superlativa har vore mange. Alt har vore sant og har vist kva vi i Os kommune har tapt ved hans bortgang, som for meg endå synest uforståeleg.

Os Mållag, som står som utgjevar av årsskriftet Osingen, takkar Bernt Kristiansen for det han gjorde for laget og for målsaka. Vi sit igjen med berre gode minne etter samarbeidet med han.

Kåre Herdlevær

Jentekoret

ved Os Ungdomsskule



Koret i 1966–67.



Tekst: Barbra Røttingen

Stemningsrapport frå ei korøving i 1975

Det er sein ettermiddag i songsalen, ein regntung torsdag i svartaste januar. Ute er det våt snø, dystre regnbyger og sola er for lengst gått ned. Men inne på songsalen på Os ungdomsskule er det lite som minner om mørkre. Her er ei verd full av song og musikk, latter og unge jenter. Det ligg ein fuktig dunst av mat, Musk oil parfyme og våte klede i rommet. Her er jenter av mange slag, store og små, snille og "snake". Jenter frå alle krinsar i bygda, som etter skuletid og ein rask snopetur nedom Hylland på Osøyro har samla seg på songsalen for korøving.

Ein godt vaksen kar sprett rundt, veivar med hendene og leitar i

lommene etter stemmegaffelen.

Jentene fniser, dette er ikkje noko nytt. Henriken er ikkje som andre dirigentar! Bak pianoet sit Kari frå Austlandet og smiler. Hjelper oss med dei rette tonane. Henriken sin assistent.

-Ut med tyggisen, Eirin!, seier Henriken.

Oppe på 1.stemmo sit eit par Lysefjord-jenter og nyt fleskepannekako frå Styven. Feittet renn nedetter armene, men det smakar godt. Kari og Ragnhild på 2.stemma deler lipgloss med ein ny fruktsmak på, og nede på 3.stemmo klirrar det i strikkepinnar frå jentene frå Søre Neset

-Kan me 'kje ta "Fiolen vår", Henrik? spør Torill.

-JAA, ropar fleirtalet med.



Os jentekor 1975/76

Og Henriken blunkar til Kari bak pianoet og så er dei i gang. *"Sjung min fiol, du som kjenner min längtan!"* Jentene syng av full hals, og no er alle opptekne med songen. Henriken har alle augo retta mot seg. Han tryllar fram reine tonar frå dei unge strupane, og kulda frå dei våte og topp moderne kassabuksene vert gløynde. Rommet vert velsigna av ei særreiga stemning. Tonane smyg seg fram, treffer einannan i samklang, og Henriken smiler.

Eit jentekor vert til

Men det heile starta lenge før. I 1963 lyste NRK ut ein konkurranse for barne- og ungdomskor. Henrik Lyssand var musikk lærar på Os ungdomsskule i den tida og hadde to jenteklassar med mange flinke songarar. Han tok mot til seg, melde dei på konkurransen, og skipa kor. Og slik starta historia om Jentekoret ved Os ungdomsskule. Konkurransen gjekk rimeleg bra, og i løpet av dei fyrste åra, øvde koret inn større og større repertoar og vart eit populært musikkinnslag i bygda vår.

Dei fleste medlemmene av koret deltok i dei tre åra dei gjekk på ungdomsskulen, dermed vart ein tredel av koret bytt ut

årleg. Men dette var ikkje noka hindring for Henrik Lyssand! I 1967 vart det arrangert ei utveksling med eit dansk skulekor, der danskane først kom til Os, og osingane etterpå reiste til Danmark på sin første utanlandstur. Dette fekk mykje å seia for den vidare framtida til Os jentekor. Dei arbeidde seg opp på eit høgare musikalsk plan og vart snart å rekna blant dei fremste i landet. Koret vart etter kvart meir kjende både i Bergen og elles i Hordaland, noko som førte med seg mange spanande oppdrag.

Henrik si oppsummering, nokre høgdepunkt

Henrik Lyssand har sjølv skildra ein del høgdepunkt i eit skrift som vart utgjeve i samband med koret sitt 15 års jubileum, og me refererer han så gjerne:

- Eg må først nemna konsertane i England! Der har me hatt mange store opplevingar. Den store folklorefestivalen i Billingham i 1970 gløymer me ikkje så lett. Eg må òg nemna turen til Llangollen Wales i 1973 der 23 av dei eldste jentene gjorde ein strålende innsats i konkurranse med kor frå heile verda. BBC gjorde opptak som vart send både i radio og fjernsyn. Fleire år seinare, i eit canadisk radioprogram om folketonar frå ulike land, vart Os jentekor spelt som representantar frå Noreg!

Same året var jentekoret også i Nederland, og der stakk me av med 1.plassen i vår klasse! I samband med denne turen opptredde koret blant anna i den store kongresshallen i Haag. Her heime var Landssongarstemna i 1971 det store gjennombrøtet. Me vann ungdomskonkurransen og fekk svært fin kritikk i avisene.

I 1974 deltok koret i Landssongarstemna i Oslo, der me song i Trefoldighetskirken og i Ekeberghallen. Høgdepunktet var likevel den internasjonale konkurranse i Universitetets Aula, der me saman med Sandefjord jentekor representerte Noreg.

Då Ole Bull sin heim på Lysøyo vart overlevert til "Foreningen til Norske Fornminnesmerkers Bevaring", song jentekoret for ei staseleg forsamling med heile kongefamilien til stades! I Aftenposten dagen etter stod det å lesa:


"Jentekoret ved Os ungdomsskole fikk tilhørerne til å glemme både regnvær og flystreik."

I 1975 kom jentekoret på delt førsteplass saman med Oppsal Pikekor under Landsangerstemna som det året vart arrangert i Sandnes. Same året vart det 50-årsjubileum for Bergens Sangerforbund, og under jubileumskonserten i Konsertpaleet opptredde koret for ein fullsett sal, noko som gav trampeklapp og overveldande kritikk i avisene dagen etter.

Her heime i Os var det ein tradisjon i svært mange år, at kortet song på Lysmessa og gudstenestene på julaftan, og ikkje minst ved avslutningsfesten i avgangsklassane med utdeling av vitnemål.

Henriken

Henrik Lyssand var dirigent i jentekoret fram til 1979. I tillegg til å vera dirigent, sette han spor etter seg, både som songar, muskar og komponist. Likevel er det mange som vil påstå at jentekoret på eit



Dirigent Henrik Lyssand i kjend positur.

vis var "hjardebarnet" hans, koret som han førde fram til 1.pris i kortevlingar både nasjonalt og internasjonalt.

Men kva var det som fekk 40 fnisete ungjenter, fulle av hormonar til å samlast om ein aktivitet som kor-song? Jau, det var Henriken det!

Jentene forguda dirigenten sin, og ein minnest så vel ved Landssangerstemna i Oslo i 1975, kor sjokkerte jentene i Sandefjord pikekor var då dei høyrde me kalla sjølvaste dirigenten vår for Henriken! Dei brukte etternamn på sin dirigent... Men slik var Henrik. Uformell, varm, engasjert, optimistisk og glad. Og som assistenten hans i 10 år, Kari Wahl, seier det: "Han var ein fin person, lun og varm, blid og høflig. I alle dei åra eg har sett ryggen hans og følgd han i arbeidet hans blant jentene, har eg aldri vorte lei eller irritert over noko. Han var ein fin kollega og ven, ein super dirigent og ein ein svært dyktig komponist og arrangør"

Kari fortel

Etter at Henrik Lyssand slutta som dirigent for koret, overtok Kari Wahl. Osingen vitja henne i sommar for å høyra henne fortelja om sine opplevingar med Os jentekor.

- Korleis badde det seg at du kom til Os?

- Eg kom til Os i 1969 i samband med at eg fekk jobb som musikklerar på Os ungdomsskule. Og tenk, - der er eg framleis, - 39 år etter! seier Kari og smiler.

-Kva fekk deg til å starte opp med kor-arbeid?

-Ei av oppgåvene mine då eg starta opp i stillinga, var å delta som Henrik Lyssand sin assistent på korøvingane til Jentekoret. Kvar torsdag etter skuletid deltok eg som Henrik sin medhjelpar. Og slik var det i ti år!

- Me bar lese skildringa di av det gode samarbeidet du badde med Henrik Lyssand. Korleis var det å overta roret etter han?

-Eg opplevde dette som ei stor og verdfull oppgåve, og jentekoret betydde mykje for meg. Eg hadde lært utruleg mykje av Henrik gjennom desse ti åra og ønskte å vidareføra arbeidet i hans"ånd".

Første store utfordringa eg hadde var då me sommaren 1980 reiste til Odense i Danmark. Med oss på piano hadde me Hanne Skåtun. Det var ei flott oppleving. Same året var halve jentekoret saman med leikarringen på tur til Beograd for å delta på "barnas dag".

Nye musikalske opplevingar for jentekoret

Og Os jentekor heldt fram med å eksistera i best velgåande under Kari Wahl si kyndige hand.

Ei av dei verkeleg store musikalske opplevingane på åttitalet var då dei oppførte "African Madonna" i Johanneskirken. Det var eit verk for skule/ungdomskor som dei gjorde saman med dei store songstjernene Sissel Kyrkjebø og Karoline Krüger.

Året etter, i 1988, reiste koret til USA i samband med 25-års jubileet for koret. Det var Gerd Fleischer på Voss som arrangerte turen. I USA reiste dei rundt i Midtvesten, med base i Minneapolis. Det var minnerike dagar, - og svært varmt for jentene som heile tida opptredde i bunad!

For Kari Wahl har korøvingane og engasjementet i jentekoret vorte ein livsstil. I 20 år var ho oppteken med korøving kvar torsdag! Arbeidet har vore til stor glede og inspirasjon gjennom alle desse åra, og Os jentekor har hatt ei stor stjerne i Kari sitt liv.

Kari fortel om jenter som verkeleg var glade i koret sitt. Dei har vore stolte av å kunna laga vakker klang og rein song. Mange kjenner stor song glede heile livet sitt, og det å delta i jentekor i mange år av ungdomstida kan vera med på å påverka dette. Mange av dei som var med i Os jentekor, har søkt seg inn i andre kor etter at dei vart vaksne.



På kortur til Durban 1976.

Os vocalis

Parallelt med at Os jentekor heldt fram etter same lest med Kari i forarsetet, vart koret Os vocalis starta i 1982. Medlemmene i koret var "gamle" jentekormedlemmer, og det heile starta med at dei ville gje ei musikalsk overrasking til Henrik Lyssand på 70-årsdagen hans. Etter dette fann jentene ut at dei ville halda fram som kor. Dei vart blitt for gamle til å delta i Os jentekor, men elska framleis korsongen. Og slik vart damekoret Os vocalis starta, eit kor som framleis er aktivt.

Slutten for koret

Etter den fantastiske reisa i USA i samband med Os jentekor sitt 25-års jubileet, slutta mange av jentene. Kari kjende òg etter kvart behov for eit års permisjon, - og som ho seier det sjølv:

"Det skulle bli interessant å sjå korleis livet ville arte seg utan jentekoret, - for etter så mange år var det blitt ein livsstil!"

Då Kari kom tilbake, var enda fleire av dei erfarne jentene slutta. Ho såg fort at det ville ta tid å byggja opp at eit nesten nytt kor til same nivå som det hadde vore. Og såleis vart dette byrjinga på slutten for Os jentekor, som vart avvikla i byrjinga på 1990-åra.

Sluttord

I mest 30 år hadde koret eksistert. Og no var ein epoke over. Med alle torsdagane på songsalen. Alle julaftene i Os kyrkje. Det hadde vore så mange spanande reiser, så mange konsertsalar, nerver som vart rolege av Henriken sitt leikne og blide åsyn då han svinga staven. Dei varme bunadene som vart pakka inn og ut av koffertar. Alle foreldra som hadde stillt opp med transport og deltaking på turar.

Og Kari. Med den klokkeklare sopranstemma og sitt varme vesen. Men songen lever enno i bringa til alle oss som ein gong deltok. Songen som nynnar om vage minne frå ei tid då livet var vår og sommar, lengten kunne koma ut i vakker song og alle fekk oppleva seg verdsett. Av Henriken, Kari og det alltid begeistra publikummet.



Kari Wahl dirigent dei siste 10 åra.

Kjelder: Skrifet Jentekoret gjennom 15 år

Katten på Hauge



Tekst: Norvald Kobbeltvedt
Teikning: Jan Håland

Vi hadde katt der eg vaks opp på Hauge. Kva tid han kom til tunet, eller kvar han kom frå, veit eg ikkje; han var der berre frå eg var så liten at eg kan hugsa.

Ein gardskatt er ikkje det same som ein huskatt. Sistnemnde har gjerne ein kasse inne i huset som seng, med matlager like ved. Katten på Hauge reidde sitt eige sengeleie, i løo eller i skytjo. Han hadde nok å henga fingrane i, katten. Kvar natt utførte han sine plikter med å ta rotter og mus og gjorde såleis nytte for seg. Stundom vanka det ein og annan matbit frå hushaldet. Og med det same ein av oss opna døra, var han som eit lyn inne på kjøkkenet. Dette irriterte dei vaksne, og dei klagde si naud over dette kattebeistet som alltid fór rundt beina deira kvar gong dei skulle eit ærend ut på tunet.

Det vart difor bestemt at katten laut avlivast. Meldinga vart forkynt med klar tale. Det hjelpte lite at vi ba for det stakkars dyret. Eit katteliv var lite verdt på Hauge i dei dagar.

Besten var sjølvopnemnd eksekutør. Det var ikkje naudsynt med blank dynamitt der i garden, slik som Jakob Sande sin hovudperson i "Katten og kallen" brukte. Kva skulle ein med det? Det fanst langt enklare måtar: Øks og hoggestabbe.

Som sagt, så gjort. Besten tok katten under armen og rusla inn i skytjo. Vi sat att med klump i halsen. Besten var vanskeleg å rokka når han først hadde bestemt seg.

Døra hadde krok på innsida. Besten gav seg god tid. Kattar har som kjent kvasse klør. Det var best å få katten i optimal posisjon for det avgjerande slaget. Dette kunne ikkje gjerast på slump. Såpass skjønnte besten, at viss han mislukkast ved første høve, var det vanskeleg å kobla inn nokon plan B, iallfall ikkje der og då. No var det slik at det fanst ingen vitne til det som gjekk føre seg ved hoggestabben denne dagen. Men vi var fleire som såg det som hende etterpå. Vi høyrde eit dunk derinne frå. Det som deretter hende, gjekk fort. Døra til skytjo hadde ei glipe nedst. Nokre sekund etter det nemnde dunket, grov katten seg ut under døra og la til palings i fullt firsprang utover mot utmarka. Og borte var han.



Besten dukka opp i døra like etter. Ansiktsuttrykket bar preg av fleire sinnstemningar: Undring, frustrasjon og sinne. Ingenting blei sagt høgt.

Etter at vi hadde fått summa oss litt, sprang vi etter katten. Det var ikkje til å stikka under ein stol at vi var lettare til sinns no. Katten levde. I sin kamp for liv eller død hadde han tatt første stikk.

Vi kalla på katten, følgte med mor på stølen om kveldane. Alltid var vi på utkikk. Kattar har ni liv, har vi høyrte, og viss det no var slik at Besten hadde treft godt, så hadde katten i teorien åtte liv igjen.

Men borte var han.

Ein månad gjekk. Stor var overraskinga då vi ein morgon kom ut på trappa og såg: Katten. Litt mager og pjusket, men ellers tilsynelatande frisk og tidig.

Men ved nærare ettersyn såg vi ein liten forskjell: Han gjekk med hovudet på skeive.

Katten vart omfamna av dei yngste i familien. Snart var han den gode gamle, tok opp igjen sine nattlege syslar, og bykste inn på kjøkkenet som før.

Vi koste med katten, klappa og strauk. Men Besten såg ein annan veg.

Nokon plan B i høve til å fjerna katten vart aldri nemnt. Og ikkje spurde vi heller.

Katten levde i mange år etter dette, til dess han døydde ein naturleg død.

Men han gjekk med hovudet på skakke livet ut, til minne om den gongen han såg døden i kvitauga, og slo han med 2-3 millimeter.

Kjellfrid Angelskår



Tekst og foto: Barbra Røttingen

I år har me gleda av å dela dikt av Kjellfrid Angelskår med lesarane våre. Kvinna bak dei lyriske orda er den pensjonerte lærarinna frå Øyane. Dei fleste som har vakse opp i Øyane i siste halvdel av 1900-talet, kjenner Kjellfrid nettopp frå tida på barneskulen i Søre Øyane. Saman med ektemannen Johan var dei sjølve symbolet på skulen i fleire tiår.

Kjellfrid er fødd i 1924 på eit småbruk på Dyrstad i Bremanger kommune i Sunnfjord. Her vaks den unge jenta opp og budde der til krigen var slutt i 1945. Etter realskule og gymnas flytta

ho til Oslo, der ho begynte på lærarskulen. Tida i Oslo var flott! Dei vart ein svært så samansveisa gjeng med studentar frå heile landet, og frå studietida i hovudstaden har ho difor med seg mange flotte minne.

I Oslo trefte ho óg den store kjærleiken. Den staute karen frå Osterøy, Johan, gjekk på lærarskulen samstundes med Kjellfrid, og snart var dei eit par. Ekteparet arbeidde først eitt år på Austrheim, før dei flytta til Lykling på Bømlo, der han vart rektor, og ho fekk arbeid som lærarinne. Born kom til etter kvart, og i

1960 flytta familien til Søre Øyane. Dei budde på sjølve skulen i nesten tre år, før dei i 1963 flytta inn i det nye Rødlandshuset sitt med dei fire borna sine.

Kjellfrid var ikkje som mødrer flest på den tida. Ho hadde full jobb ved sida av hus, heim og born. Dei hadde hushjelp heime på dagtid, og det fungerte svært godt, kan ho fortelja.

Kjellfrid arbeidde i skulen til ho var 65 år.

Dei siste åra vart arbeidet tyngre, men slett ikkje pga. ungane. Det var alt dette nye som etter kvart var vanskeleg å få gjennomført. Ho sakna ein meir tverrpolitisk skulepolitikk, men i staden vart det stadig nye reformer, etter kva ny minister som kom til makta.

Når Kjellfrid ser tilbake på det lange livsverket sitt i skulen, hugsar ho berre det som er godt. Ungane var drivkrafta hennar til å stå på, og ho vert enno glad når ho ser dei no tilårskomne elevane ho har følgd i skulen gjennom viktige barneår.

Skriving

Kjellfrid har alltid likt å skriva, og det første ho minnes godt er då ho som 12-åring skreiv dikt til ein konkurranse i Nynorsk vekeblad. Ho skreiv eit dikt om våren, og var blant dei tre beste som fekk premie.

Som lærarinne dikta ho klassesongar til elevane sine, noko som var svært populært. Ho er og forfattern bak "Øyasongen", til toner av "Sørlandsvalsen", som ofte vart framført av musikkgruppa Øytrall. Songen vert enno sunge av patriotiske øyafolk på store dagar, og dei som vil sjå han på trykk, kan gå til baksida av bladet!

Dikta til Kjellfrid inneheld både humor og lengt, kvardagsperler og meir store linjer. Kjærleiken til naturen og det veldige i det små kjem sterkt fram.

Aktiv pensjonist

Kjellfrid budde saman med Johan heilt til han døydde i 1995. Ho fortel at ho ikkje trudde ho skulle kunna klara seg utan han, men

det har no gått greitt. Ho synest tida går fort og har rikeleg å fylla dagane med. I 1979 tok ho sertifikat, og ho køyrer framleis! Det gjer henne svært sjølvstendig og fri, og ho er ofte å sjå på veggen. Livssynet hennar pregar mykje av det aktive pensjonist-tilværet hennar. Ho reiser til Os for å få med seg gudstenesta om søndagane, og i tillegg er ho aktivt med i **Senior- Koinonia** i Os kyrkjelyd, som møtes annankvar torsdag til hyggeleg samver.



Ho er òg med i ei **bibelgruppe**, og i **Mødreklubben** som jobbar for det kristne barne- og ungdomsarbeidet. Dei arrangerer julemesse og basar, der dei loddar ut det dei sjølve har laga. Kjellfrid trivest godt med handarbeid og likar å ha noko i hendene når ho sit heime og ser på fjernsyn.

Ho har stor hage å stella, og her bugnar det av blomar og buskar av mange slag. Einsam er ho ikkje, telefonen er flittig i bruk, seier den positive pensjonisten. Ho les mykje, også dikt, som av Jakob Sande, Alf Prøysen og Jan Magnus Bruheim for å nemna nokre. Og medan eg sit der, kjem den eine perla etter den andre. Utan manus! For Kjellfrid lærer seg dikta utanat for å halda hjernen i trim. Og denne hjernen får nok trim, ser det ut til. Her er ikkje råd for ei einaste lita hjernecelle å dra inn årene og slappa av.

Nynorsk

Kjellfrid skriv sjølv alltid nynorsk, det er hennar skriftmål og fell henne naturleg. Dialekten hennar frå Sunnfjord er lite tydeleg i dag, ho har teke mykje etter dialekten til alle ungane ho har undervist i skulen i Øyane. Ho undrar seg over kvifor viljen til å læra seg nynorsk ikkje alltid er til stades, og synest i blant nynorsk vert nytta til å laga lått og løye av.

Takk

Den gode samtalen med Kjellfrid er over. Ho smiler, og det klare, blå blikket strålar. Her er livskraft, kunnskap og engasjement. Og fine dikt om livet. Om å vera til stades.

Fjellvandring i Os



I Raudlikongen sitt rike.



Tekst og foto: Norvald Kobbeltvedt
Teikning: Jan Håland

I den lyse årstida er det mange som liker å gå frå hytte til hytte. I reisebrosjyrar for våre vidstrekke fjell og vidder kan ein finna mange eigna ruter for den slags. Tenk berre på Hardangervidda eller Stølsheimen. Det er sikkert mange osingar som har ferdast på lengre eller kortare strekkjer langs ruter på nemnde fjell og vidde.

Men ein treng ikkje reisa særleg langt for å oppleva prima natur. Det har vi meir enn nok av i vår kjære heimbygd. Terrenget på denne traseen eg no skal fortelja om, varierer frå makeleg skogsbilveg til noko som best kan samanliknast med "haug og hammar-terreng". Men følgjer du den merka stien, kjem du nok trygt fram. Og du passerer to hytter undervegs.

Mi vandring startar i Hatlelid nær Gåssand. Det første målet mitt er Raudlibøen, ca. 3 km gange frå bilvegen. Det er Statsskog som eig området kring Raudlivatna og såleis området kring hytta som er mitt første mål. I samband med stor tømmerhogst på åttitalet



Svein Hovland utanfor den nymalte Steinsdalssetra.

bygde dei ny tommerveg innover. Denne har Statsskog nyleg restaurert, i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd (BOF), til glede for turinteresserte osingar og andre. Dette gjer at turen innover går lett.

Etter ca. tre kvarters gange er eg framme. Nøkkel til denne hytta har eg lånt på kundetorget i Sentrumskvartalet på Os. No er eg i Raudlikongen sitt rike. Området eg står på, er ein gard som tidlegare var i drift. På mesteparten av 1800-talet budde det folk her. Håkon Larsson Raudlio var siste fastbuande bonden i dette landskapet. Når eg ser meg omkring og samanliknar med markene på Hauge og Lyssand, der eg kjem frå, er det lett å forstå at dette området ikkje kunne gje det største utkommet. Men her budde Håkon mest heile livet, etter kvart saman med kone og tre barn. Først i sine siste leveår flytte han til ei av døtrene sine i Lysefjorden.

Hovudhuset her har ei spesiell historie. Då garden vart fråflytta på slutten av 1800 talet, kjøpte Mowinkel på Moldegård huset og sette det opp igjen i skråninga like aust for Midtbø, med fin utsikt over Bjørnefjorden og Sandholmene. Han brukte det som lysthus for seg og gjestene sine.

Kring 1950 fekk Os kommune huset. Det vart på nytt rive og lagra, med tanke på eit framtidig bygdetun, noko som til dessa

ikkje har vorte noko av.

I 1993 vart det difor bygd opp igjen på sin opphavelige plass på Raudlibøen. Det er sett opp benkar og briskar med tanke på overnatting. Her er rikeleg med ved og god omn som kan nyttast til koking.

Mangt og mykje vert fortalt om denne særeigne Raudlibonden. Du har kanskje høyr det før, men eg tek likevel med følgjande soge:

Det var vinter då det hende. Han hadde tenkt å bryggja seg noko øl til jul. Til det trong han ein stamp. Han gjekk over til Fjellveit i Sandalen og fekk låna seg ein. Han tok stampen i eine handtaket og drog han etter seg heimover oppå snøen.

Halvegs heimkomen høyrde han ein velkjend lyd: Ulveglam frå fjellsida. Han sette opp farten, men det gjekk ikkje lang tid før han hadde dei ganske nær. Han tok ein snarveg over ei islagt tjørn. Ute på isen nådde dei svoltne ulvane den hastige bonden. Han hadde ikkje anna å gjera enn å kvelva stampen over seg. Men ulvane gav seg ikkje så lett. Dei byrja å grava under kanten av stampen med potane.

Raudlibonden var ikkje rådlus. Han hadde med seg ei lita øks i

beltet. Samankrøkt som han låg, fekk han lirka denne fram, og idet ein pote kom innunder stampkanten, drog han til og snitta litt i skrubbefoten. Angen av blod gjorde at fokus vart endra. Tasling og skraping vart til liv og leven. Ulvane gjekk laus på kvarandre. Når Raudlibonden etter ei stund glytta ut, låg fleire ulvar claude på isen. Dei som var att, vart så forfjamsa at dei strauk oppetter fjellsida.

Raudlibonden kom seg på føtene og hasta heim fortare enn svint. Men vatnet der dette hende, har fått namnet Ulvatvatnet etter denne hendinga.

Viss du vil leggja vegen innover for å sjå nemnde vatn, kan du ta ein halvtimes avstikkar innover mot Samdal. Du startar ved Kolamilsteinen, som ligg 100 meter nord for Raudlistova. Den er lett å finna.

Ved den startar også ferda vidare på vår vandring til neste hytte: Steindalssætra.

Ei merka løype leier over den stilleflytande Silverelva, lita, men idyllisk freistande til ein dukkert når vèret innbyr til det.

Vel oppe på eit lite platå, ca. 100 meter nordaust for elva, kjem du inn på vegen frå Samdalen. Denne skal du følgja eit par hundre meter sørover og deretter ta av på skrå til venstre og løfta blikket austover mot Steindalsåsen.

Når folk frå Midtsæter i gamle dagar skulle til Bergen, var dette ein av vegane dei gjekk: Ned gjennom Steindalsåsen, forbi Raudlio og inn til Samdalen for å koma seg inn på inn på byvegen frå Os.

Vi er no i det som må reknast som urørd natur. Enkelte vil kanskje stilla spørsmålet om kva som er vitsen med å streva seg opp gjennom bratte lier og forbi steile hamrar, og i tillegg bera fleire kilo på ryggen? Eg let to av dei som har vore her før svara:

"Synet av ei seglande kongeørn eller ein beitande hjort kan ikkje målast i kroner og øre, heller ikkje den trolske buldringa til orrhanen, eller mystiske ringar frå nattlege vak i vårvatnet. Og fleire og fleire vert dei som finn vegen til skogane og fjella våre for å finna kveik og styrke til å møte eksosen og støyen i kvardagen med." Jimmy Øvredeal 1979.

"Området er ei av kommunen sine siste villmarker. (...) Villbringeber er svært populært, men også tyttebær og blåbær kan plukkast flittig". Reidun Myking 1993.

Etter halvannen times gange når vi toppen av åsen og kan i roleg tempo spasera ned til Steindalssætra.

Denne hytta har og si spesielle soge. Fastbuande har det ikkje vore her. Men frå gammalt av hadde gardane Bjånes, Klyva og



Moldegård beiterett i Steindalsskogen. Difor bygde dei seter der. Denne var i drift i mange år, men vart nedlagt tidleg på 1900-talet. Os ungdomslag overtok selet i 1936, men dei før nemnde gardane har framleis bruksrett. Ungdomslaget totalrestaurerte hytta i 1939. At hytta er gammal, viser årstalet 1810, skore inn i ein av plankene.

På 70-talet vart det reist eit tilbygg, m.a. for å få større entrè og kjøkken. Her er i dag gasskomfyr og innlagt vatn. Steindalsetra kan leigast på særlege vilkår hos Os ungdomslag. Frå Steindalssætra er det ein halv times gange bort til Midtsæter og bilveg tilbake til Os.

God tur!

Kjelder:

Reidun Myking: Heilskapleg plan for utnytting av Raudliboen (1993).

Kåre Herdlevær: Osingen, årsskrift 1994.

Fana Mållag: FANAJUL-85.

Åsmund Lien: På tur i Raudlikongens rike.

Os kommune. Veg- og turkart.

Mads Hjelle, hyttebrukar i området.

Rektor ved musikkskulen vert pensjonist.

Intervju med:

Mette Samdal



Tekst: Hildegun Nordstrønen
Foto: Barbra Røttingen

Eg bar invitert meg sjølv på besøk. Det er visst ikkje heilt stoverein framferd, men no er eg her, på Os Musikkskule, på jakt etter ein fersk pensjonist.

"Gå inn i da kvita buset med blå karmar", var rettleiinga eg hadde fått på telefonen.

Pensjonistar kan vera mest kva som helst no for tida. Synet av blågrå lagerfrakk i nylon og tjukke strømpar i ull som forsvinn inn i fornuftige flate sko med sommeleg snoring, er lagra som minne om lærarar av den eldre garde frå mi eiga skuletid.

Det er ein kjølig kveld i juni. Mette Marie Samdal tek imot meg på toppen av trappa, blid, opplagt og tydeleg stolt over å visa fram skulen sin. Ho tek meg med gjennom fleire salar og mindre rom, alle med tydelege teikn på kva aktivitet som går føre seg her. Det er instrument av alle slag over alt, på golv, vegger, byller, ja jamvel i taket!

Praten går lett og byggeleg. Mette likar å snakka om musikk, om dei gode medarbeidarane, om dei engasjerte foreldra og sjølv sagt om meininga med det beile, elevane. Men denne gongen er det ho sjølv det skal handla om. Vi benkar oss rundt bordet inst i lokalet og spørsmåla kjem på bordet.

Eg veit jo at du er osajente, men kor er du fødd og oppvaksen?

Eg er oppvaksen på Moberg, på Hauges Planteskule. Far kom frå Grini i juni 1945, og eg vart fødd i mars 1946. Eg må vel såleis kunna kallast eit ekte fredsbarn! I søskenflokket på fem var eg åleine jente. Vi var ein del av ei familieieverksemd og måtte ta vår tom for å få gjort unna arbeidet med plantene. Vi jobba i feriane våre, både om somrane og elles når vi hadde skulefri. Det var ikkje fritt for at det av og til kjendest godt å begynna på skulen att!

Har dette arbeidet gitt deg "grøne fingrar"?

Nei, sjølv om eg kan både luka, prikla og okkulera, kan eg ikkje seia det. Men eg er svært oppteken av alt som veks.

Kva plass hadde musikk i barndommen din?

Det var alltid mykje musikk heime. Mor valde å kjøpa piano framfor vaskemaskin! Det seier vel det meste når ei husmor med fem barn prioriterer slik!

Far var med i Os Mannskor, og eg var ofte med når dei var ute på konsertar. Oppgåva mi var å dela ut blomar, og eg var vel ei tid nærast som maskot å rekna!

Eg har spelt piano sidan eg var 10 år, og seinare har det vorte

fleire instrument. Anne Valle og eg var dei første jentene som vart tekne opp på blåseinstrument. Vi måtte heim til lærarane for å få undervisning. Det var ei anna tid! Musikken har vore med på å prega livet mitt!

Då var det vel naturleg at musikkinteressa også prega yrkesval og utdanning?

Ja, etter at eg slo frå meg dei tidlege planane om å verta hagearkitekt, gjekk ferda til Bergen Lærarskule. Mitt kull var det første som starta opp i nytt skulebygg på Landås.

Eg var ferdig utdanna frå musikklinja i 1968. Vi hadde eit fantasisk miljø, og dette er ei tid eg tenkjer tilbake på med stor glede!

Kor gjekk vegen då du var ferdig med utdanninga?

Den gjekk heimatt til Os! Eg hadde då møtt kjærasten min, fanastrilen Sverre, og vi gifta oss i 1968. Vi bygde oss hus i Brattlio i Hegglandsdalsvegen, og der har vi budd sidan.

Og så vart det familieliv?

Ja, vi har to søner og ei dotter. Ole Johan kom først, i -69, Magne i -70 og til slutt Marianne i -75.

Vi er heldige å ha Ole Johan som nabo, medan Marianne har slege seg ned på Askøy. Magne bur på Austlandet, i vakre Drøbak. Neste generasjon er også sikra med barneborna Jørgen, Marie og Johan.

Kva med yrkeslivet i denne tida?

Eg byrja å jobba som lærar på Nore Neset skule i 1968. Der underviste eg mellom anna i klarinett. Eitt av høgdepunkta frå Nore Neset var då skulekorpset vart skipa i 1968. Eg var tilsett fram til 1987. Då utdanna eg meg vidare, denne gongen til bedriftsøkonom gjennom 2 års studiar på BI.

Frå 1990 har eg vore på Musikkskulen. Eg sa til Jorunn Solberg då eg byrja: "Eg blir i 10 år!"

No er det blitt 18 år. Det er vanskeleg å sleppa eit slikt gjevande arbeid. Alle dei gode minna og erfaringane! Alle dei flotte menneska, både små og store!

Mette blir engasjert og oppglødd kvar gong ho får snakka om bjartebarnet, musikkskulen. Ho likar å lofta fram andre, og gong på gong må ho "bankast inn" og minnast om at denne gongen er det ho sjølv det gjeld.

Korleis vert overgangen til pensjonisttilværet?

Det vart tilsett ny rektor frå 1. januar 2008. Hans Kristian Breistein og eg har hatt ein god overlappingsperiode med ein felles dag i veka. Det blir rart å gje seg heilt, men eg vil framleis vera involvert i musikklivet i bygda, spesielt Os Musikkforeining.

Kva tenkjer du å fylla dagene med når du vert heilt pensjonist?

Ved sida av å vera tilsett ved musikkskulen har eg også arbeidd i firmaet til mannen min. Det kjem eg til å halda fram med. Dette har vore ein praktisk kombinasjon. Fleire gonger har eg gått frå jobben hos Sverre Samdal AS for å utføra rektoroppgåver. Når eg tenkjer etter skuldar eg nok firmaet Samdal nokre timar, men det må du ikkje skriva! Kan henda vert eg då sitjande og ta att arbeid no når eg vert pensjonist!



Elles vert fritida framleis prega av musikk. Det vert godt å sleppa alt ansvaret, å kunna ta ting meir over langs. Til hausten gler eg meg til eit samarbeid mellom Os Mannskor og Stryken. Det vert konsert i Nore Neset kyrkje i november.

Har du nokre minne frå musikklivet du vil dela med Osingen sine lesarar?

Det har vore mange gode opplevingar, både rørende episodar og opptrinn av meir humoristisk karakter. Musikkskulen er ofte



ute og spelar på gamle-og sjukeheimar. Eg hugsar ein gong vi var og song gamle salmar. Då var det ei dame med gåstol som sto og lytta heile tida medan tårene trilla. Ho møtte att salmeskatten ho hadde pugga som lita jente.

Ein annan gong hadde vi med dei små fløytistane. Ein del av dei var unge og uroynde. Då var det ein gammal mann som lurte på kva vi bråkte etter! Gjekk det ikkje an å få desse ungane heim?

Kan du seia noko om kva det er som har motivert deg til å driva dette arbeidet?

Den betydninga musikken har for born, vert stadig klarare for meg. Musikk kan vera ein viktig del av det å meistra. Elevane veks på det å verta trygge og å kunna noko. Mange har ei musikalsk evne som ligg langt over den intellektuelle. Eg har hatt mange gode opplevingar med ungar som blømer og får gode tilbakemeldingar når dei får utfalda seg innan musikk.

Samspel handlar også om å innretta seg etter andre og det er viktig læring for heile livet!

Å ha eit miljø der ein kjenner seg heime, er også veldig viktig for barn og unge. Eg gjer gjerne Henry Lunde sine ord til mine: Kultur i fritida formar framtida!

No snakkar Mette seg varm att om fantastiske lærarar som trass i ubekvem arbeidstid og ugunstige arbeidsvilkår motiverer elevane sine og fører ungdommane fram.

Har du andre interesser enn musikk?

Eg trivst godt både i hus og hage. Elles er eg "toppoman"! Eg har vore på alle fjella i området, med eitt unntak: Rødsfjellet. Det er ro og fred i fjellet. Saman med hunden eg låner til turkamerat klarnar eg tankane, ryddar i kjenslene og skriv mine beste talar! Hunden er einig i mest alt!

Elles er det er ikkje mykje som kan måla seg med samværet med barneborna. Sykkeltur på Tysnes med 2 1/2-åring bakpå! Då trakkar eg raskt avgarde og kjenner glede over rytme og takt medan ein melodi ligg i bakgrunnen! Gleda over musikk og rytme er viktig å bringa vidare til komande slekter!

Har du eit motto eller ein leveregel som betyr noko for deg?

Heime har eg ein gamal kalender der det står mange gode ting. Mellom anna står det at vi skal gripa dagen og bruka den til å gjera andre glade.

Elles prøver eg medvite å kjenna etter kor godt eg har det, kor fantastisk det er å ha helse og at det materielle tyder mindre og mindre. Takksemd er eit anna ord.

Heilt til slutt, Mette, kva er ditt favorittinstrument?

Eg likar mange instrument og spelar ein del. Ein glad amatør brukar eg å kalla meg.

Om eg må velja ein favoritt, vert det bassgitar! Eg har fått ein i gåve og eg ser fram til å læra meg å spela på han! Det skal eg nemleg læra meg no når eg vert pensjonist!

Eg takkar for praten og vi går saman ut i den kalde sommarkvelden. I bilen beim kjem eg på at eg ikkje fann det eg leita etter. Pensjonisten. I alle høve ikkje den eg hadde bak i tankane. Pensjonistar kan jo vera kva som helst no for tida.

Når Mette Marie Samdal går inn i rekkja av pensjonistar er det utan nylonfrakk og ullstrømper, men med piratbukser, takksemd og nystemd bassgitar!

Akta på barndommen, for den dreg du med deg heile livet. (Jungelord)

Det var vel Biggles som vann krigen?

Minne om barndom og bøker på førtitalet.

Vi som voks opp under krigen, gløymer aldri fredsvåren. I fem lange år hadde det kvilt ei tyngsle og eit press over oss, og når krigen no gjekk mot slutten, var spenninga nesten ikkje til å halda ut. I slutten av april gjekk rykta kvar dag om at **no** var det slutt, i morgon ville "dei" kapitulera, og Berlin var fallen. Men dagane gjekk – freden let venta på seg.

Kvar ettermiddag vart eg send på Osøyro for å kjøpa avis med "siste nytt".

Var bussen sein, noko som var nokså vanleg, steig konfliktnivået i køen framfor kiosken, der den sterkaste sin rett rådde.

Eg var knapt nok heimkomen, for dei reiv avisa til seg.

Kvar kveld sat så dei vaksne over Tyskland-kartet og peika og diskuterte.

Eg kunne ikkje begripa at dei kunne sjå forandringar i eit gammalt Refsdal skuleatlas frå 1918, men det kunne dei tydelegvis.

Så kom endeleg 7. mai, og utover ettermiddagen vart rykta til visse: No var det verkeleg over!

Alt som kunne krypa og gå, sette kursen mot Osøyro. Der vart det snart svart av folk, og i vindauget til Hylland bidrog ein forboden radio til begeistringa og jubelen. "I måro kjeme di og teke både han og radioen", sa Olav Valle tørt. Tryggare var vi ikkje. Men dagen etter var det offisielt.

Så kom "gutta på skauen" marsjerande, nokre i battledress og mange i nikkers og vindjakke med bind rundt armen med flagg på. Heimefronten vart dei nye heltane våre, som vi såg opp til og



identifiserte oss med.

Det var greitt for oss andre i heimefronten at vi òg kunne stilla med korrekt "uniform": Brunt, breitt limband med norsk flagg rundt armen, og gevær. Eg var oppsett med "karabin", som var hendigare og lettare å få med seg.

Vi hadde sjølvsagt mange oppdrag i ei så turbulent tid, alt frå å skyta tyskarar til å befri russiske krigs-fangar. Dessutan måtte vi halda vakt i skyttargraver og festningsverk. Vi hadde eit sant og rettkome hat til tyskarane og alt som var tysk, og det var godt å få agera det ut. Dette hatet vart ikkje mindre når vi kvar veke såg "Filmavisen". Der var det kilometerlange reportasjar frå dei tyske konsentrasjonsleirane. Hadde foreldra våre visst kva grufulle scener filmane inneheldt, hadde dei aldri sleppt oss av garde. Det var ikkje stoff for

barneaugo, sjølv om vi var herda etter fem års okkupasjon.

Gutar i ti-tolvårsalderen har bruk for føredøme, heltar, ideal, og vi var ikkje noko unntak.

Det var såleis heilt naturleg at vi fann heltane våre mellom "dei som vann krigen".

Desse heltane tok vi til oss der vi fann dei - i miljøet og i bøkene. For oss som var svorne lesehestar, var bøkene ei kjelde til glede, spenning, og underhaldning. Dessutan bidrog dei til å sløkkja litt av hemntørsten i oss. Smågutar kan òg opparbeida ein god porsjon hat, sinne og frustrasjon under ein krig, og for oss var fem år ei uendeleg lang tid. Etter kvart som hausten kom, var det **bøkene** som stod for tur.



Tekst: Anders Hauge

"BIGGLES OG CO".

Det var ikkje så lange stunda vi var opptekne med å vera heimefrontfolk. Livet gjekk vidare, og etter fem år med stillstand, verka det som om absolutt alt skulle skje i morgon den dag. Det var ei utruleg spennande tid og ein fabelaktig sommar.

Smått om senn begynte så bøkene å koma; bøker som var prega av av tida vi hadde gjennomlevd. Vi slukte alt vi kom over, frå Max Manus til Håkon Evjenth. Men trass i at det utover i '46 kom stadig fleire **norske** bøker, vart engelske **Biggles** den største helten for meg og mange av kameratane mine.


Dei tidlegaste Biggles-bøkene kom i 1946, og alt etter den første, *Biggles på vingene*, var eg seld.

Eg var ti år gammal og kunne ikkje få lese nok om dei spennande bedriftene til den dristige, engelske flygarhelten og vennene hans, Algy og Ginger. Seinare kom fleire til.

Kven var så denne superhelten min, og kva var det han utretta? Eigentleg var Biggles ein helt frå Den første verdskrigen, men enten gjekk det meg hus forbi, eller så nauda det meg ikkje. Det var Biggles som vann krigen for meg, og det var "vår" krig, Den andre verdskrigen, han vann! Det var slik det skulle vera, det var slik det høvde med mine tankar.

William Earl Johns, eller **Captain W. E. Johns** som han kalla seg som forfattar, var fødd i 1893.

I Den første verdskrigen tenestegjorde han først som maskingeværskyttar i m.a. Hellas og Tyrkia. Då han pådrog seg



malaria, søkte han seg over i nyskapinga Flygarkorpset, forløparen til RAF. Han har fortalt levande om denne tida og oppløringa si i *Biggles learns to fly*, på norsk så seint som i 1992 (*Biggles går til angrep*).

Det blir fortalt at jamvel om Johns skulle ha eit visst talent for flyging, krasja han tre fly på tre dagar. (Det ville sjølv sagt aldri Biggles gjort).

Under oppløringa hadde han major Champion som sjef. Han fekk tilnamnet "Boret", og er modell for ein annan av Johns sine heltar, kommandosoldaten King.

Då han var utlært, hamna Johns på Vestfronten i ein bom beflyskvadron, og desse flya var så brannfarlege at dei gjekk for "flammande likkister".

Captain Johns fekk seks vekers teneste som bombeflygar, og på den tida rakk han å skyta av sin

eigen propell to gonger. Ein gong vasa han seg vekk i skodda, og ein annan gong heldt han på å flyga inn i ein fjellvegg.

16. september 1918 kom ikkje Johns tilbake frå eit oppdrag i Frankrike. Etter ei overnatting i Nancy, tulla han seg bort under heimferda. Han landa ved ein herregard for å spørja seg for. Der møtte han ei strålende vakker fransk dame som han tilbringa ei tid saman med. (Ho vart seinare modell for Biggles' store kjærleik Marie Janis). Då han omsider kom seg på heimveg, vart flyet hans skote ned av tyske kanoner, så han måtte naudlanda. Tyskarane skulda han for å bomba sivile mål og Johns vart dømd til å avrettast. Det skjedde likevel ikkje, og han vart send til ein fangeleir i Strasbourg. Der rømte han to gonger, siste gongen vart han fanga i ein hage mens han stal eple. Han sat i fangenskap til

krigen slutta eit par månader seinare.

"Captain" Johns fortsette som rekrutteringsoffiser i RAF fram til 1927, men første boka hans kom alt i 1922, utan at ho vart lagt særleg merke til. Johns arbeidde så som flykorrespondent og illustratør av flybøker ei stund før han fekk jobben med å lansera flymagasinet "Popular Flying" i 1932, og på desse sidene var det at **Biggles** såg dagens lys. Dei aller første forteljingane om Biggles og teamet hans vart prenta der.

Då Johns slutta i RAF, hadde han stige i gradene til løytnant, men som skribent forfremja han like godt seg sjølv til kaptein, og det vart han verande sidan. Captain Johns fekk med seg mykje utruleg og spennande i den korte flygarkarrieren sin. Når han la til alt som kameratane hadde opplevd, hadde han umåteleg mykje stoff å ta av. Det som gjer bøkene lesverdige, er jo den realismen som ligg til grunn. Johns visste kva han skreiv om, fordi det meste var bygd på egne erfaringar. Han seier sjølv at i flygehistoria har det hendt ting så eventyrlige at dei langt overgår den verkelege verda. Det viser han då også til gagns gjennom bøkene sine.

Captain Johns ville gi autentiske skildringar av fly og flygarar i verdskrigen. I 1914 var Luftvåpenet ei total nyskaping som svært få hadde kunnskap om. Det ville Johns bota på. Gjennom ein dyktig og truverdig flygar ville han visa dei mange sidene ved "moderne" luftkrig. Slik oppstod James Biggles- worth, best kjent som Biggles.

Første Bigglesboka, *The Camels are Coming*, skreiv han i 1932 under namnet "William Earle", men ganske snart kalla han seg Capt.W. E. Johns. Han var unik mellom den tids gutebokforfattarar fordi han alt i 1935 tok ein ungdom frå arbeidarklassen, "Ginger", inn som jambyrdig medlem av teamet til Biggles. Ein gjorde ikkje slikt i England i trettiåra, då krigshelten skulle vera "ein offiser og ein gentleman". Bøkene vart straks svært omtykte, og trioen Biggles, Algy og Ginger vart snart utvida med Bertie Lissie, ein vaskeekte lord.

Alle dei første bøkene handla om opplevingane heltane våre hadde under krigen (1914 – 18), og dei var direkte og velskrivne. Men etter kvart som forfattaren gjekk tom for krigsstoff, fann han nye, spennande område der flygarane kunne setja livet på spel. Dei kunne reisa verda rundt på hemmelege oppdrag for militærmakta, eller dei kunne løysa problem som flygande detektivar.

Utover trettiåra vart Captain Johns uglesett av "makta" fordi han, til liks med Churchill, skreiv og tala mot fredslinja til Chamberlain. Korkje han eller Biggles var nett fredens menn.

Då den nye verdskrigen braut ut i 1939, fann likevel War Office ut at dei hadde god bruk for Captain Johns. Rett nok var han for gammal for aktiv teneste, men dei kunne gjera seg nytte av

kunnskapen og erfaringane hans som flygar og skribent. Han vart del av krigsflygarutdanninga, og viktigaste bidraget var oppfordringa hans til unge menn gjennom Biggles-bøkene om å ta flygarutdanning.

Han fekk òg oppdraget med å skapa eit **kvinneleg** motstykke til Biggles for å få fart i rekrutteringa til "Kvinnenes luftstyrke", (W.A.A.F). Slik oppstod Worrals i 1941. War Office såg at dette var nyttig, og i '43 kom kommandosoldaten King, ("Boret"), på banen.

Engelske krigshistorikarar vurderer høgt den effekten som særleg Biggles-bøkene hadde på den britiske krigsinnsatsen. Mange av flygarane i Slaget om Storbritannia refererte seinare til Johns' bøker som inspirasjonskjelde for utdanning og innsats. Det er ingen dårleg attest for ein gutebokforfattar!

Johns heldt fram med å skriva Biggles-bøker, og det var faktisk etter krigen at salet tok verkeleg av.

I 1964 sette UNESCO Biggles-bøkene på 29. plass blant dei mest omsette bøkene i verda, og Biggles som den aller mest omtykte gutebokhelten. På **Internett** er det 455 000 treff på Captain W. E. Johns!

Captain Johns skreiv faktisk Biggles-bøker så lenge han levde. Det var under arbeidet med *Biggles Does Some Homework* at Johns døydd, 75 år gammal.

Då hadde han skriva **104** Biggles-bøker, **elleve** Worrals-bøker og **ti** bøker om King. I tillegg skreiv han 34 bøker om laust og fast så vel for barn som for vaksne. Dessutan er det laga TV-seriar, teikneseriar og ein spelefilm (*BIGGLES – Adventures in Time*), 1985.

EIN SLITESTERK HELT?

Biggles-bøkene vart ikkje skrivne i kronologisk orden, og nokre av bøkene som fortel om Biggles' første år, skreiv Johns langt seinare i livet. Slik skildrar han Biggles når han først dukkar opp på flygarkurset, 17 år gammal:

"Det var ikke mykje med han som skilde han ut frå tusenvis av andre, nyverva unge menn over heile England. (-) Det var ikkje noko oppsiktsvekkjande, og aller minst krigersk, over kroppsbygningen hans. Tvert imot var han tynn, under middels høg og spinkel. Ut frå R.F.C.-lua som stod kjekt på snai, stakk det ut ein guteaktig, glatt hårlugg. Dei nøytebrune augo hans lyste av forventning over det som skulle koma. Han hadde fine ansiktsdrag, men den firsårne haka og det faste draget over munnen tydde på at ein eventuell påskodar ikkje skulle vera for rask med å trekkja konklusjonar. Hendene hans var små og kvite som om dei tilhørte ei jente". (*Biggles går til angrep*).

Ein tradisjonell engelsk helt dette, ein "betremannsson", men med litt uventa feminine trekk, kanskje?

Seinare skal sjølvsagt Biggles visa seg å vera både dristig og rådsnar, og styrken let seg heller ikkje skjula. Biggles er alltid rett mann på rett plass til rett tid, jamvel om det er eit innslag som går igjen at løysing/berging/suksess kjem i siste sekund.

Som alt anna er også Biggles-bøkene underlagt "forvandlingens lov". Ikkje alle haldningar og utsegner er like gangbare i dag som for 70 år sidan. Ein vil finna mange døme på rasisme og forakt for andre folk og folkeslag. Engelskmennene såg framleis på seg sjølve som Vårherres utvalde folk, og då kjem sjølvsagt dei fleste andre til kort.

Johns har òg etter kvart fått kraftig kritikk for sitt uforsonlege hat til "teutonarane", prøyssarane om du vil, og det lenge for Gestapo. Mange norske bokmeldarar såg på floraen av Biggles-bøker som "usunn krigshistorie". Ja vel, og kva er så "sunn" krigshistorie? Sonja Hagemann vører ikkje Johns og Biggles-bøkene så pass at ho nemner dei i standardverket sitt om norsk barnelitteratur. Birkeland/Risa/Vold spanderer eit par linjer.

Forfattarar og bøker flest er produkt av si tid, og Johns og bøkene hans er ikkje noko unntak.

Det er ikkje rett å leggja dagens mål på gårdsdagens bøker, og det gjeld også Biggles-bøkene.

Dei var skapt for å gleda og underhalda unge gutar, og i heimlandet fekk dei etter kvart og ein propagandafunksjon. Målet var knapt å avskaffa rasisme, framandhat eller kjønnsdiskriminering, og det gjorde dei då heller ikkje. Men dei fylte behovet for spenning og dramatik, og skapte leselest og leseglede hos unge lesarar. Det er vel ikkje så verst?

Hos oss var det **Damm** som lanserte Biggles i 1946, og det kom vel etter kvart 14 – 15 bøker i fargerik og pirrande utforming som appellerte til gutefantasien. Det gjekk ikkje lenge før **Forlagshuset** heiv seg på karusellen, så i ein treårsperiode var det alltid godt håp om ei ny Biggles-bok.

Tidleg i 60-åra kom så Forlagshuset med relansering av Biggles: Mange av bøkene var dessutan nye på den norske bokmarknaden. Svenskane laga dessutan teikneserie av Biggles og vennene hans i 1978, og **Semic** kom snart med norsk utgåve. Framstillinga til teiknaren minna lite om **mine** heltar.

Siste omgang kom rundt 1990 med forlaget **Mortensen**. Det finst altså ei Biggles-bok for kvar generasjon.

Eg og Biggles.

Som nemnt vart eg fengsla av Biggles frå første bok, og det vart ei intens jakt for å få fatt i fleire.

Prisen var kr 3,85 i ei tid då ei krone var ei krone – og det var langt mellom dei, og mykje dei skulle brukast til. Men vi lærte av kvarandre, og fekk dei til fødselsdagar, og elles når vi greidde "grina oss til" eit bokkjøp. Det var alltid ein bunke slitne Biggles-bøker i omløp i gutemiljøet, og vi las kvar bok mange gonger.

Eigentleg flaug Biggles i nokså primitive todekkarar med seildukskledning, slik flya var i 1918, men i min fantasi vart det Spitfire frå Slaget om Storbritannia. Vi hadde som sagt behov for å leva ut sigeren over tyskarane, og **engelskmennene** var heltane. (Seinare kom jo Errol Flynn og John Wayne og vann krigen for amerikanarane, men det var i Stillehavet, og var ikkje heilt same krigen.)

Biggles-bøkene gav meg eventyr, spenning og underhaldning i tilveret. Knapt var dei guds gåve til barnelitteraturen, men dei var velskrivne, aktuelle og faktabaserte. Dei kom i ei tid då vi var underfora på heltar som banka dei forhatte tyskarane som hadde knuga oss i fem år. Bøkene stimulerte leseleysta hos fleire enn dei ivrigaste "lesehestane", og gav nok meir enn ei kjensle av at lesing er kjekt.

Biggles var faktisk i Noreg også, og det utan at nokon av oss visste det! I boka *Biggles Defies the Swastika* (*Biggles utfordrar bakekorset*, 1941) er han på hemmeleg oppdrag i vårt land våren 1940, og oppheld seg på eit hotell i Oslo 9. april. Vi fekk dessverre aldri denne boka i hende, og eg veit heller ikkje om ho nokonsinne er blit omsett til norsk. Det hadde vore litt av ein godbit for oss Biggles-elskarar.

Det har både ergra meg og forundra meg at så mange av barnelitteraturens forståsegpåarar tradisjonelt har neglisjert ein stor del av populærlitteraturen for barn og unge. "Triviallitteratur" har vore lite verd.

Mange kritikarar har visst best kva som er "god" litteratur for gutar og jenter, og berre konsentrert seg om den "lødige" barnelitteraturen.

Vel og bra at verdifull litteratur skal ha moralsk oppseding i botn (Hagemann), men det er då ikkje noko gale i å gi barn høve til å fortapa seg i mystiske, spennande, uhyggjelege eller sørgjelege bøker for å sjå korleis "det går". For dei fleste lesarar, eldre som unge, vil ei bok utan spenning vera ei bok utan interesse. Som kjent er det jo slik at det er dei mest spennande bøkene som er mest populære. Barn er heldigvis ikkje små vaksne, og det skal dei heller ikkje vera. Då bør ein vel heller ikkje stott leggja "vaksne" mål på det dei les.

Min generasjon las Biggles-bøkene av lyst og glede, og dei fylte mange behov hos oss. Vi vart ikkje dermed verande på eit nivå der vi ikkje kunne lesa noko anna. På same måten har seinare generasjonar lese sine favorittbøker med lyst og glede. Slik må det vera. Ein gjer knappast **litteraturen** noka teneste ved å stå med heva peikefinger. La barn – og vaksne med – lesa med lyst, og la dei oppdaga og oppleve leseglede, så finn dei nok vegen vidare også.

Anders Hauge



Tekst: Hildegund Nordstrønen
Kjelde: Haringpuls-katalogen

Olav H. med Åse B. ut i den store verda



Hundreåring inspirerer:

Det er i år hundre år sidan Olav H. Hauge vart fødd i Ulvik i Hardanger. Diktaren budde i heimbygda si heile livet. Han hadde arbeid som gartner, og som diktar var han sjølvlerd. I åra mellom debuten i 1946 og til den siste samlinga kom i 1980, vart det gjeve ut sju diktsamlingar som til saman utgjer ein unik forfattarskap. Han er omsett til om lag 30 språk. Både forfattarar, kritikarar og journalistar har late seg inspirera og påverka av han.

Hauge vert også rekna som ein markant gjendiktar og omsetjar. Gjennom han er norske lesarar vortne kjende med fleire store diktarar. I perioden 1924 – 1994 skreiv han dagbøker. Desse vart utgjevne i 2000. Bøkene gjev ettertida eit unikt innblikk i politikk, kvardag og åndsliv i denne perioden. Samarbeidet med komponisten Geirr Tveitt har bore frukter som lever og er til inspirasjon for nye generasjonar.

100-års-markeringa for Olav H. Hauge sin fødsel har i heile år prega kulturlivet i Noreg. Mellom anna var diktinga hans tema på poesifestivalen i Ulvik i oktober, og sjølv hovudmarkeringa var eit konsertforedrag i Grieghallen i oktober.

Det kanskje ikkje alle har fått med seg er at vår lokale biletekunstnar, Åse Berit Skeie Ulltang, har late seg inspirera til å bringa dikteren frå Hardanger rundt i verda. Åse Berit

kjem frå Norheimsund. Ho har vore busett i Øyane sidan 1994 og har sitt liv og kunstnarlege virke her i kommunen. Tilknyttinga til Hardanger gjer at ho er ein av mange kunstnarar som samarbeider i "Hardingpuls", Hardanger sitt tverrfaglege kunstnarforum.

I sommar har Åse Berit, som ein av åtte kunstnarar frå "Hardingpuls" deltatt på utstillinga "Hardanger Artists INSPIRED


Holmen

Einsleg, forvist
langt frå land
strider holmen
på grufsen fjellsjø.
I stille næter,
når sjøen sov,
kjenner han berget under seg
breider seg tungt og veldig ut
og vert eitt med landet

Skjer

Det er mange skjer i sjøen.
Likevel vart det
eit skjer
som vart frelsa di.

by Olav H. Hauge and Geirr Tveitt". Hardingkunstnarane har utforska og fordjupa seg i livsverka til Hauge og Tveitt fram mot 100-års-jubileet for deira fødsel. Utstillinga har vore to-delt, ein del har vore vist i Hardanger, medan ein annan er på reise rundt i verda. Utstillinga har vore i Trygve Lie Gallery i New York i tidsrommet 15.mai til 7. september. No er utstillinga på plass i Seoul Literature House i Korea. I samband med utstillingane vil skodespelarar og musikarar ha ulike framføringar av Hauge og Tveitt sine verk.



Åse Berit fortel:

Einsleg. Forvist. Strider. Frelsa.

Desse to dikta har vore inspirasjon for maleria mine. Symbolbruken og metaforane han nyttar, er allmennmenneskelege sanningar, kjensler og tankar om livet. Det nære, enkle, men med tyngde, er prega av levd liv. Eg har plukka ut ord frå desse to dikta som eg kjenner forsterkar uttrykket i bileta mine:

I tillegg er dette vakre, sterke ord på nynorsk, som bilete i seg sjølv! Frå ateliervindauget mitt i andre etasje i Os stasjon har eg utsikt over Bjørnefjorden med sine holmar. Dette vart mitt utgangspunkt då eg skulle gå i gang med maleri til denne utstillinga. Eg kjenner meg att i Hauge sine dikt og hans tilknytning til naturen.

Når eg jobbar med det visuelle, vert eg alltid litt meir kjend med meg sjølv. Det er som å reisa inn i ukjent terreng der eg gjer nye oppdagingar. Identiteten min er sterkt forankra i oppveksten min, også når det gjeld å snakka dialekt og skriva nynorsk. Difor har eg også vore svært glad i Olav H. Hauge sine dikt og nytta tekstane hans i ulike samanhengar, - både privat og på jobb. Han hadde auge for det andre ikkje såg, han såg det vakre og verdfulle i det små. Han søkte sjølv etter visdom om livet og det å vera menneske, og formulerte sanningar og allmennmenneskelege tankar og kjensler. Gjennom arbeidet mitt i helsevesenet har eg møtt mange personar som har kjent på det å vera annleis, einsleg og motlaus. Dette er ekte menneske med sterke erfaringar. Olav H. Hauge skildrar både det indre og det ytre landskapet, og eg opplever tekstane hans som tidlaus og allmenne. Han formidlar det kvardagslege og nære med få ord. Då vert det stor kunst!

HUSMORTRIM

Tekst: Kjellfrid Angelskår
Teikning: Jan Håland

Vi sat i godstolen framfor TVèn
og såg på jenter i aerobic
Dei var så lekre,
så små og smekre,
og drakta, den var nok siste skrik.
I gult og rosa og lys turkis
sveiv snertne sneller med pastaglis
Dei var så sveisne som det går an!
-Med leggjavarmar og panneband-

Då tenkte vi: Her må noko gjerast.
Vi må nok starta med strekk og bøy!
Vi skal bli smekre
og like lekre
som dei som driv der med sprett og tøy!
Vi kjøpte drakter i lys pastell
og drog på trening kvar torsdagskveld
– Men det var noko vi ikkje fann:
Leggjavarmar og panneband!

Du kan ò kje tenkja korleis vi streva.
Vi sleit så sveitte og tårer rann.
Men kor vi strekte,
og kor vi trekte,
det hjelpte ikkje det minste grunn
Vi fekk det liksom så lite til,
og slettes ikkje med pastasmil
Men med orn` tleg utstyr det sku gått an
Med leggjavarmar og panneband

No sit vi atter i ro ved TVèn,
og tek oss gjerne ein kaffiskvett
Det vart så bale
ja, rein for gale.
Nei aerobicèn er ikkje lett
Men drakter har vi i lys pastell,
og sit og mullar kvar torsdagskveld:
Det skulle gått, om me berre fann
oss leggjavarmar og panneband



Barnesider



Redaktør for barnesidene Elfrid Moberg

STRØNO

Strøno er ei veldig fin øy. Her trivest vi godt. Vi går på Nore Øyane skule. På skulen er vi 66 elevar og det er 20 barn i barnehagen. Skulen vår vart bygd i 1992, men den gamle skulen vart bygd i 1905. Så det har vore skule på Strøno i over 100 år. På skulen vår har det nettopp vore skifte av rektor. Før heitte rektoren vår Anne Karin Lepsey, no heiter ho Hildegunn Andersen. Lærarane som bur på Os, må køyre over Strønebrua.

Strøno er samansett av Sørstrøno og Nordstrøno. Skulen ligg i Nordstrøno. Dei som bur i Sørstrøno, må ta bussen til skulen. Vi kan sykle eller gå, men vi pleier å ta bussen til skulen.

Ervikane er badeplassen vår og der er det nydelege strender.

Vi har fine turveggar og fjell vi kan gå på. Det høgaste fjellet heiter Hjortåsen, men det er eigentleg ikkje eit fjell, berre ein topp. Husfjellet er ein annan topp vi har.

Håpar du kan koma og sjå kor fint vi har det i Strøno.

Helsing 7. klasse

J

Ballbingen vår her i Strøno vart bygd i 2004. Folket i Strøno er veldig stolte over ballbingen sin. Strønefolka elsker ballbingen, som er den finaste bingen som nokon gong er bygd på Strøno. –Ja, faktisk den einaste også!



OL SPØRSMÅL

1. Kven vann gull i handball for damer?
2. Kor mange gullmedaljar fekk Sverige?
3. Kva fekk Noreg i kappgang?
4. Kva vann Olav Tufte i roing?
5. Kva land tok gull i høgde for damer?
6. Kva land tok gull i bordtennis for single menn?

OL SVAR

1. Norge
2. O
3. Sølv
4. Gull
5. Belgia
6. Kina

PUSUR



Pusur blei fødd 21. mai i eit kull på fem. Han blei favoritten min! J
Alle dei andre kattane gav vi vekk. Vi har no to kattar, Pusur og JosefineJ
Josefine fødte rett etter ho fylte eit år. Ho er gråstripete og kvit på haka, magen og beina.

STELL AV KATT

Alle kattar bør børstast av og til, mens langhårskattar bør børstast kvar dag slik at pelsen ikkje flokar seg. Viss ein forsømmer dette, vil katten sleike i seg lauspels, som vil klumpe seg i magen. Denne lauspelsen vil ikkje bli fordøyd, men kjem ut igjen som filtaktig pølse.

NORSK SKOGKATT

Her i Noreg har vi vår eigen rase av halvlanghårskattar, norsk skogkatt. Den blei internasjonalt godkjent som rase i Paris i 1977, og er sidan blitt veldig populær over heile verda. Til og med i USA har dei laga ei fin stamme av kattar dei har kjøpt i Noreg. Den norske skogkatten er heilt ulik Persaren. Den er stor og har kraftige bein, lang i kroppen, langt hovud og rak nesa.

Shetlandsponni



Høgde: Frå 90- 107cm.

Ca Alder: Gammal.

Kjenneteikn: Liten, tjukk og mykje pels.

Farge: Alle hestefargar.

Shetlandsponnien er opphavleg frå Shetland. Den er ein liten, veldig liten ponni! Han kan bli opptil 107 cm høg. Shetlandsponnien finst i alle hestefargar. Mange shetlandsponniar kan vere veldig sta! Men dei blir brukte mykje som barne ponni og i hestesporten "gymkhana". Ein shetlandsponni har eit kallenamn som er shettis. Dei pleier å gå rundt laus på Shetland til dei blir tatt inn for å bli ridd.

Vitsar =)

Det var ein gong ein vestlending som ville bli ein austlending, men då måtte han fjerna halve hjernen. Dagen etter operasjonen, kom doktoren til han og sa at det hadde skjedd ein feil, istadenfor å fjerna halve hjernen, fjernet vi heile. Du kan få ein ny operasjon sånn at du kan få halve hjernen igjen, men då sa han: Nehei, jag tycker det er bra så her!

Kva lærte de i kjemitimen i dag?
Korleis ein lagar dynamitt.
Og kva skal de gjere på skulen i morgon?
Kva for ein skule?

Korleis kjem ein seg lettast oppover i livet?
Med heisen!

Kim, viss du finn 50 kroner i den eine lomma og 2 kroner i den andre, kva har du då?
Kim: nokon andre sine bukser!

Kva er det beste beviset på at den usynlege mann finst?
Ingen har sett han!

VITSAR

Alle barna rekna feil unntatt Julie, ho klarte det umulige.

Alle barna gleda seg til nyttår, unntatt Jeanett, ho skulle vera rakett.

Alle barna åt kaviar unntatt Ruben, han svelgde tuben.

Pappa, veit du kva dama i fiskebutikken veg?
Nei, har ingen anelse.
Ho veg fisk, sjølvsagt.

Alle barna vitsar .

Alle barna var på sykkelstur utanom Rolf, han låg på grillen på ein golf.

Alle barna var på båttur, utanom Gunn, ho låg på bunn med open munn.

Alle barna såg inn i omnen utanom Knut, for han såg ut .

Alle barna leika med fisken sin utanom Kai, han blei eten opp av sin eigen hai.

Alle barna var heilt friske utanom Hilde, ho åt kjøtt frå Gilde.

Alle barna skaut med pistol, utanom Karianne ho hadde hol i si eiga panne.

Alle barna åt salat utanom fetteren til Hanne, han var eten opp av Karianne.

Barna hatar mjuke pakker, så derfor legg eg desse sokkane til Ragnar i frysen.

Det var ein gang, men no er det korridor.

Går klokka di? Nei, eg må bere den.

Har du hørt om den svenske komikaren som gjekk av scenen, fordi alle lo av han?

Hansen :-"Eg har slutta å vedda".
Olsen:-"og det vil du eg skal tru på?"
Hansen:- "skal vi vedda, eller?"

Lille Per til far sin :- "eg er imot vold, derfor vil eg ikkje slå plenen"!



Novelle av Julie M. Nordvik

EIT UHELL.

Eg bråvakna, bada i sveitte. Mareritt i natt igjen. Pistol. Skot. Politi. Uhell. Det byrja å komme oftare og oftare no, nesten kvar kveld var eg plaga av desse bileta. Eg ville så gjerne gløyme dei, men eg kunne ikkje, klarte det ikkje. Bileta flaug forbi, om att og om att, akkurat som om nokon hadde trykt på knappen "repeat" på spelaren. Henrik var heller ikkje mykje til hjelp. Han ville alltid sitje ved frukostbordet om morgonen, og sørgje for at eg aldri gløymde denne hendinga. Først ein slurk av kaffikoppen, deretter ein spydig kommentar, som gav meg frysningar gjennom heile kroppen.

Eg hadde no dradd meg ufrivillig ut av senga, og inn på badet. Ein ny dag venta, men eg venta ikkje at den ville vere så ulik dei andre. Eg glodde intenst på meg sjølv i spegelen, granska heile meg frå topp til tå. Alt var forandra. Eg var ikkje slik som eg ein gong var. Politiet er etter meg, og det ein gong respekterte namnet Robert Dahl er no endra til Geir-Ove Nygård. Det er berre Henrik som framleis kallar meg for Robert, ei stadig påminning om mitt tidlegare liv. Eg har framleis problem med å reagere når folk på gata helser på meg, men Henrik er alltid der: "Det er deg dei meiner".

Kjøkkendøra stod på gløtt, og eg kunne sjå at lyset stod på. Eg visste allereie kven som sat og venta på

meg, og gav døra eit lite puff før ho sakte svinga seg rundt og opna seg. Henrik sat som vanleg ved frukostbordet og festa augo på meg, som no stod i dørøpninga. Henrik sine auge var svarte. Sjellause. Utan så mykje som ei mine sa han:

"God morgon, min kjære ven".

Eg læst som eg ikkje såg han, og gjekk for å smøre meg smørbrødet, som eg no hadde ete i tre år, kvar einaste morgon, heilt sidan den dagen da...

"Så no skal du plutseleg ikkje snakke med meg?"

Henrik avbraut stillheita.

"Det er det minste du kan gjere, etter kva du utsette bestevenen din for."

Eg la frå meg kniven og snudde meg rundt og møtte det iskalde blikket.

"Kva er det du vil med meg?"

Henrik pressa fram eit smil, men ansiktet var like tomt og grått.

"Det veit du like godt som meg. Vi har snakka om dette før. Det er takk vere deg eg er akkurat her, du har plassert meg her. Og kor skal eg elles gå? Dagen blir jo så mykje betre berre ved å sjå korleis du vert torturert kvar dag. Etter at du trassa meg den dagen, lurte meg og så..."

"Hald munn!"

Eg klarte ikkje høyre på det meir, det var som om ein kniv blei pressa inn i meg og vridd rundt. "Bare forsvinn, ok? Eg klarer ikkje dette meir etter å ha

levd med deg i tre år, der du kvar einaste dag har plaga meg. Eg har fortalt deg at det var eit uhell." Ordet gav gjenlyd i rommet. Uhell. Bileta dukka opp. Pistol. Skot. Politi. Uhell.

"Det var eit uhell!", eg skreik ut i fortvilning.

Henrik hadde ikkje lea på ein muskel.

"Du veit du får desse mareritta på grunn av meg, ikkje sant? Eg kan ikkje la vere å flire når eg sit på sengekanten og ser deg liggje og vri på deg til du nesten druknar i sveitte. Nei, det er vel som dei seier, den som er med på leiken, får smake steiken."

Det var akkurat tre år sidan no, men eg hugsar kvar minste detalj like godt. Eg og Henrik hadde vore bestekompisar sidan ungdomsskulen og vidare gjennom studietida. Det hadde alltid vore oss to, men noko skjedde, og vi hamna i trøbbel. Vi trudde vi hadde planlagt alt godt, men det oppstod komplikasjonar. Pistol. Skot. Politi. Uhell.

"Eg har bestemt meg for å gå til politiet i dag."

Orda skapte ei stillheit, som ikkje ein gong sjølv døden kunne toppe. Det var stille lenge. Lenge.

"Du veit eg må drepe deg då, sant? Eg tar pistolen og fyrer av midt mellom augo dine. Utan tvil. Du veit det, sant?"

Eg rørde meg ikkje, verken blikket eller musklane.

"Du kan ikkje stoppe meg denne gongen, Henrik. Etter tre år med deg, er eg endeleg klar for å tilstå."

Eg tok frakken og gjekk mot ytterdøra.

"Går du ut den døra, skal eg følgje etter deg, og skyte deg på gata, Geir!"

Orda smatt akkurat ut gjennom døra, og small hardt frå vegg til vegg i trappeoppgangen, før døra vart slengd igjen. Eg sprang så fort eg kunne ned trappa. Hoppa over fem trinn om gangen, så eg nesten flaug nedover. Eg såg meg tilbake. Ingen Henrik.

Gata var full av menneske, alle på veg til jobb med stresskoffertane sine, men ingen kjente meg. Eg såg opp i andre etasje, kjøkkenet var no mørklagt, og ingen Henrik var å sjå.

Med raske, men nervøse skritt gjekk eg mot høgre, mot politistasjonen. Eg hadde gått denne ruta mange gonger før, men Henrik hadde alltid vore der og stoppa meg. Det skulle han ikkje klare i dag.

Politistasjonen møtte meg som ein stor murvegg. Eg visste kva som venta meg etter tilståinga, men alt var betre enn livet eg levde no. Eg snudde meg ein siste gong, men framleis ingen Henrik. Trappa mot inngangsdøra var lang, og eg vart klam i hendene mine. Har eg endra mening igjen? Nei. Det må skje. Eg vil ha livet mitt tilbake. Handtaket på døra vart vridd om, men ikkje heilt rundt.

"Eit liv bak gitteret? Er det verkeleg det du vil?"

Henrik stod no ved sida av meg, med ein pistol retta mot tinningen min.

"Kva slags liv er det? Det har jo alltid vore oss to, men no skal du trasse meg enda ein gong, og forlate meg her?"

Augo til Henrik var fylte med flamar, som eigentleg utgjorde den einaste fargen på den elles grå kroppen. Bileta kom tilbake, men med tettare mellomrom. Pistol. Skot. Politi. Uhell.

"Du drap meg. Du drap din beste ven".

Det skulle ikkje ende slik, tenkte eg og såg på bestekompisen min.

"Det er over Henrik. Farvel."

Eg lukka augo og vridde dørhandtaket rundt. Eg hørde skotet gå av, og venta på at alt skulle bli svart, men ingenting skjedde. Eg opna augo og såg ut i tomrommet.

"Det var eit uhell, Henrik. Eit uhell."

Eg lukka døra bak meg.

Heggen der heime

Når åra vert mange, går tanken attende
til barndommens lyse og skinande år
Då ynskjer ein kanskje tilbake å vende
til det som vart borte når dagane går
-Til den tid då sommaren alltid var sommar
og vinteren alltid var skinande kvit,
då søndag var belg, og bender vart folda
til andakt og bon, og fekk kvila frå slit

Blant minna frå barndommen står også heggen
-ein gammal og knudrut som stod ved ein mur.
Vi sat der så tidt, stodde ryggen mot leggen
i solblanke kveldar- var glad eller stur.
Der - under dei vide og laurtunge greiner
bygde vi barndommens flottaste bus
av fjoler og kassar, sekker og steinar
Så duka vi bordet med glasskår og krus

Om våren stod heggen vår snokvit av blomar
Det anga så sterkt, og den angen var vår.
Då visste vi vel at det lakka mot sommar.
-Vi kunne gå berrføtt-og himlen var klår.
Om blomen som lyste som doggfriske klasar
snart visna og dryssa som blafrande snø,
kva gjorde vel det, når gauken ban masa
og småfuglen kvitra frå fjell og til sjø

Våren og sommaren-alt bar ein ende.
Det lakka mot bausten med grode på grein
Og heggen vår også sin grodrikdom kjende
med svartsote bær, om det meste var stein
Vi stappa i munnen, og sidan vi kappast
om kven som vann blåsa- mest lang og mest stutt
Det galdt om å vera båd`sterkast og kjappast
på den tid som no-for enn "skytset" tok slutt

Barndommen kvarv.- Det vart andre slags vårar.
Men heggen vår stod der ved muren som før
Han stod og var vitne til glede og tårer,
såg lengten som grydde, såg hjarta som blør
Han kjende då vi stod og rissa med fingren
eit hjarta med pil og to omslynga namn
Og sidan så fekk han bli med oss når ringen-
pantet på kjærleik-fekk dra oss i hamn

Ja, Heggen vår- tenk om du kunne fortelja
om alt du har sett gjennom åra som gjekk.
Men kanskje du og- om du ein gong fekk velja,
så valde du atter ein gong å bli begg
Og det veit eg vel: Kvar i verda eg endar,
kvar belst eg så sviv i den yrande sveim,
om våren eg alltid som framand meg kjenner
Når begg står i blomning, då lengtar eg heim.



DnB NOR Os

Din lokale bank - banken som kjenner deg

www.dnbnor.no

DnB NOR



Varme- & Bad-butikken din på Os
Engevik Rørleggerservice.

Landboden, 5200 OS
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98





Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
☎ 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

Os-elvarar i sølv og gull

Fin gåve for Osingar.
Vert laga som pin,
smykke, slipsnål og
mansjettknapp.

Sølv

Liten pin 175.-
Stor pin 275.-
Lite smykke 175.-
Slipsnål 450.-
Mansjett-
knappar p.p 695.-



Gull

Liten pin 950.-
Stor pin 1955.-
Lite smykke 990.-



Liten gull øselver
På sølv slipsnål
somm på tippet øverst
Kr. 1290.-

Torggata 6 i Os sentrum 56 300484 - Amfiseretret Flåten 56 300277

OS BÅTHOTELL

Innelagring av båter
opp til 22 fot

Tlf. 411 42 573

www.osbathotell.no
Terje Lunde

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S
POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10
E-POST: os@travnet.no

www.verden.no

SÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF.: 56 30 24 00

Din totalleverandør av finansielle tenester

Nordea

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110



FOTOGRAFI

- baby/barn
- bryllup
- konfirmasjon
- gruppe
- produkt/miljø

DESIGN

- logo
- profilering

INNRAMMING

- rammer
- passepartout
- takke/julekort

post@tomnordstronen.com



www.tomnordstronen.com

KONTOR

-Strønevegen 403

STUDIO

-Kløvertun, Osøyro
(etter avtale)

TELEFON/SMS

-900 96 950

Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Leverer og installerer varmepumper*

*Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg*

Servicearbeid på tekniske anlegg

Tv-inspeksjon av røyr og kanaler

Lokalisering av røyr og kablar

Utleige av minigravar



SAMDAL AS

vvs-Inspeksjonstjeneste

POSTBOKS 226, 5201 OS


TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50

APOTEK 1

Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider:

mandag–onsdag	09.00–17.00
torsdag	09.00–19.00
fredag	09.00–17.00
lørdag	09.00–15.00



Sparer du?

Dei fleste draumar startar med sparing. Kanskje drøymmer du om ny bustad, hytte, båt eller reise jorda rundt? Med månadleg sparing i aksjefond kan du realisere måla dine.

Besøk oss på www.spv.no eller kom innom i banken for å få meir informasjon om fondssparing.

 SparebankenVest

Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.



5218 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Os Folkedanslag
(Skipa 1890)



Vi støttar
arbeidet til
Os Mållag

*Støtt våre
annonsører.
Dei støtter oss.*

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

**Vi støttar det lokale
kulturmiljøet!**

Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur
og data, papir og rekvisita.
Vi har òg mange godbitar frå ditt lokale miljø!

Osøyro;libris

5200 Os
Tlf: 56 30 04 30 | osoyro@libris.no
www.libris.no/osoyro

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret Os Mållag

Leiar Marie hauge

Nestleiar Eldbjørg Kræmmer

Skrivar Mari Lyssand

Kasserar Jonny Haugland

Styremedlem Nils Olav Næss

Styremedlem Målfrid Tveit Vaage

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.


FARGERIKE[®]
Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -

for
HUS OG HAGE

JÆRNA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 44 90 - 5201 OS

Øyane

Tekst: Kjellfrid Angelskår
Foto: Barbra Røttingen

*Ut imot Korsfjord og Bjørnafjord
finn me den finaste plass på jord.
Her ligg dei- Øyane- beimen vår,
som lyser i minnet kvar helst me går.
Kor me enn ferdast – på sjo og land,
lengtar me heim til vår eiga strand.
Til knausar og vikar
og alt som me likar.
- Ja, Øyane er oss så kjær-*

*Holmar og skjær og øyar
kviler i kveldblå dis
Tangane ut seg tøyer
Her er vårt "Paradis".
Fyret og Kobbavågen –
kvile for sjel og sinn,
båtar som voggar på fjorden
i svalande solgangsvind*

*Her ut i Øyane vil me bu,
byggja oss beimar i von og tru.
Her finn me kvile for trøytt sinn,
ber legg me årane roleg inn
Her kan me driva i stille stund.
Holmane ligg som i søndagsblund
Måsen og "tedna"
slår følge så "gjedna"
- Ja Øyane er oss så kjær*

*Holmar og skjær og øyar
kviler i kveldblå dis
Tangane ut seg tøyer
Her er vårt "Paradis".
Fyret og Kobbavågen –
kvile for sjel og sinn,
båtar som voggar på fjorden
i svalande solgangsvind*

